

## Samspel på tvers. Erfaringar frå gruppetilbod i musikkterapi

*(P) Presentasjon av praksiserfaringar*

*14.10-14.35, Spor 2: Auditorium 5*

### **Foredragshaldarar**

Guro Parr Klyve, Klinikk psykisk helsevern for barn og unge, Haukeland universitetssjukehus,

[guro.parr.klyve@helse-bergen.no](mailto:guro.parr.klyve@helse-bergen.no)

Anita Barsnes, Klinikk psykisk helsevern for barn og unge, Haukeland universitetssjukehus

### **Samandrag**

Som musikkterapeutar på Klinikk psykisk helsevern for barn og unge på Haukeland universitetssjukehus har me erfart at det ofte ikkje er musikkterapitilbod for barna etter avslutta opphald på post. Det er få tilgjengelege musikkterapitilbod for denne målgruppa, både når det gjeld kommunale og polikliniske tilbod i spesialisthelsetenesta. Barn og unge har generelt sagt tydeleg ifrå om at den hjelpen og støtta dei treng for deira psykiske helse ikkje alltid er tilgjengeleg nok (Helse- og omsorgsdepartementet, 2018, prop. 121 S).

For tida er me to musikkterapeutar på klinikken, og fram til våren 2025 var ressursane våre fordelt mellom Psykoseteamet for ungdom, FACT Ung-teamet og Barne-, Ungdom- og Akuttposten. Med jamne mellomrom har me fått spørsmål frå poliklinikkane om å gje eit poliklinisk tilbod til barn og ungdom, men fram til no har me kun hatt mulegheit til dette i overgangsfasar når dei ulike postane eller teamene har avslutta sakene.

Hausten 2025 set me i gang med eit prøveprosjekt, der me skal starte opp musikkterapi grupper for ungdom i poliklinikk, der BUP-ane kan tilvise ungdommar dei tenker kunne hatt nytte av dette.

I dette innlegget ynskjer me å dele våre erfaringar frå fyrste runde av dette prosjektet. Me vil fortelje om planane som vart lagt, gjennomføringa av musikkgruppene, endringar som vart gjort og planar me har vidare for samspel på tvers av poliklinikkane.

### **Referansar**

Helse- og omsorgsdepartementet, 2018. Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019-2024), Prop. 121 S. Regjeringen. Prop. 121 S (2018–2019) - regjeringen.no